

Saksprotokoll i fylkestinget - 29.09.2021

Arve Helle (A) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han har ein nær relasjon til eit av styremedlemane i BKK Produksjon AS. **Anne Gine Hestetun (A)** stilte spørsmål om ho va inhabil fordi ho er styremedlem i BKK AS. **Silje Ekeland Bjørkly (H)** stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er vara til styret i BKK AS og har møtt i styremøte.

Helle, Hestetun og Ekeland Bjørkly gjekk frå under vurderinga om dei var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Helle ikkje var inhabil. Fylkestinget vedtok samrøystes at Hestetun og Ekeland Bjørkly var inhabil etter forvaltningslova § 6 første ledd bokstav e. Helles tiltredde saksbehandlinga medan Hestetun og Ekeland Bjørkly tredde frå.

Det var 63 representantar til stades.

Trude Brosvik (KRF) sette på vegner av KRF, A, MDG, SP, V fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland fylkesting er oppteken av beredskapen og forsyningstryggleik til innbyggjarar og næringsliv, og er uroleg for konsekvensane av utskiljing av byggseksjonen i BKK. Det er vesentleg at lokal kunnskap, trygt vedlikehald og rask feilsøking/utbetring ved feil vert ivareteke og ikkje forringa.»

Marthe Hammer (SV) sette på vegner av SV, R fram slikt forslag:

«Alternativ

Vestland fylkesting beklagar at fleirtalet i styret i BKK Produksjon har vedtatt å skilje ut byggeseksjonen i kraftselskapet BKK. Fylkestinget vil oppmode fylkesordføraren, eigarkommunane og eigarane til å jobbe for å få oppheva dette vedtaket.»

Avrøysting

Hammer sitt forslag fekk 12 røyster (SV, 3 UA (Hege N. Dale, Morten Klementsens, Leif Bjarne Fjellro), 1 A (Eirik Haga), FNB, R) og fall.

Brosvik sitt forslag vart vedteke mot 18 røyster (1 UA (Trym Aafløy), FRP, H).

Vedtak

Vestland fylkesting er oppteken av beredskapen og forsyningstryggleik til innbyggjarar og næringsliv, og er uroleg for konsekvensane av utskiljing av byggseksjonen i BKK. Det er vesentleg at lokal kunnskap, trygt vedlikehald og rask feilsøking/utbetring ved feil vert ivareteke og ikkje forringa.